
Saksnr: 2020/75802-1
Saksbehandlar: Elisabeth Aune

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020

Deltaking i nasjonal satsing marin kartlegging

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet ser deltaking i nasjonal satsing på marin kartlegging som viktig for utvikling av marine næringer, og for å sikre god planlegging og balansert ressursutnytting i Vestland.
2. Hovudutvalet gjev fylkesrådmannen i oppdrag å planlegge vidare arbeid med deltaking i nasjonal satsing på marin kartlegging i Vestland saman med kommunane, NGU, HI og kartverket. Det vert seinare lagt fram ei sak der ein vurderer klarsignal for gjennomføring av marin kartlegging med bakgrunn i prosjektplan, kostnadsplan og finansieringsløyning.

Samandrag

Vi har eit ansvar for å tileigne oss kunnskap som gjer oss i stand til å forvalte sjøområda slik at også komande generasjonar kan nyte godt av det. Ei marin kartlegging gjev oss deler av den kunnskapen som vi treng, og vi gjer her greie for eit vidare arbeid med marine grunnkart for områda i gamle Hordaland.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressurs, landbruk
og reiseliv


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Marine grunnkart er detaljerte kart over sjøbotnen. Her kan vi navigere oss gjennom terrengformasjonar, botntypar, ankringsforhold, botnfelling, skredfarar, miljøgifter, naturtypar, habitat, og sjå på modellar av straum, bølger, salthaldighet og temperatur.

Området Sogn og Fjordane i Vestland har vore involvert i marin grunnkartlegging sidan 2015, og fylket har vore, og er, med på å finansiere ei kartlegging frå og med Stad til og med Gulen som vil vere ferdig i 2023. Kartlegginga er gjennomført/gjennomførast av NGU og vi har fått utarbeidd geologiske kart og avleia temakart. Dette er grunnlaget for ei vidare kartlegging jf i figuren under.



Figur 1

Det er no eit ønskje om å kartlegge resten av Vestland, og få utarbeidd komplette marine grunnkart for heile Vestland.

Pilot i tre område i gang

Kartverket, Norges geologiske undersøkingar (NGU) og Havforskningsinstituttet (HI) arbeider no med å få gjennomført eit omfattande kartleggingsprogram for sjøbotn; «Marine grunnkart i kystsonen»

Regjeringa har bevilga pengar over statsbudsjettet for 2020 til eit pilotprosjekt der tre område inngår; Stavanger, Søre Sunnmøre og Kvænanen/Skjervøy i Troms. Prosjektet er ein dugnad mellom Kartverket, HI og NGU, men også andre fagmiljø deltek, og kommune og fylkeskommune bidreg i finansieringa.

Målet med pilotprosjektet er å samle inn, forvalte og formidle data om geologiske, biologiske og kjemiske tilstandar på sjøbotn. Samtidig skal det bli teke i bruk nye metodar og ny teknologi for innsamling og behandling av data. Arbeidet med produktutvikling, automatisering og maskinlæring er i gang. Alle ugraderte resultat skal gjerast tilgjengeleg for alle, til eitkvart formål.

Piloten og prosjektteamet i Kartverket, NGU og HI skal levere eit grunnlag til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i oktober 2021, slik at det kan gjerast ei vurdering for å starte opp eit nasjonalt program frå 2023. Grunnlaget vil vere ei samanstilling av erfaringane og resultatata frå pilotområda.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har signalisert til prosjektteamet at arbeidet må gjennomførast som eit spleiselag, der staten går inn med 50%. Fylkeskommunar og kommunar som ser at det er viktig med ei kartlegging av sjøområda sine må allereie no syne interesse for eit samarbeid og medfinansiering.

Det nasjonale programmet med oppstart i 2023

Prosjektet «Marine grunnkart i kystsonen» skal bidra til å styrke dei blå næringane, og til berekraftig utvikling av små og store norske kystsamfunn. Det skal samlast inn kunnskap om botnforhold langs kysten av Norge, heilt inn til fjæresteinane, der folk lever, arbeider og bur.

Marine grunnkart er detaljerte kart over sjøbotnen. Her kan vi navigere oss gjennom terrengformasjonar, botntypar, ankringsforhold, botnfelling, skredfarar, miljøgifter, naturtypar, habitat, og sjå på modellar av straum, bølger, salthaldigheit og temperatur.

Kva er praktisk nytte av karta?

Karta blir eit verktøy for næringsutvikling, klimatilpassing og beredskap, og kan samtidig stadfeste sårbar og verdifull natur. Kommunar etterspør eit betre kunnskapsgrunnlag i overgangen mellom kyst og land, blant annet ved traséval for rør og leidningar, og ved utbygging av kai- og hamneanlegg. Med auka sjøtransport og utvikling av autonome skip følger også auka trong for god maritim infrastruktur med gode data om farleier og ankringsforhold. Karta kan bidra til betre oversikt over marine ressursar og over område som er egna for eksempel til hausting av sjømat. God sjøinformasjon er viktig for å unngå arealkonfliktar og for å forvalte ressursane betre.

Denne satsinga er lønnsam for norsk økonomi. Konsulentselskapet Metier gjennomførte i 2017 en forenkla samfunnsøkonomisk analyse for oppdrettsnæringa i dei tre pilotområda. Den viste at investeringar i innsamling, analyser og kunnskapsdeling av marine grunnkart har ein stor samfunnsøkonomisk gevinst og kan bidra til nye arbeidsplassar.

Kartlegginga vil gje mykje kunnskap til beste for marine og maritime satsingar, og målet er større berekraft og meir robuste lokalsamfunn langs kysten.

Interessante fokusområde for kartlegging og overvaking kan vere organismar, mineral, skipsvrak og andre fortidsminne, ulike botntypar og botnsubstrat for til dømes å kartlegge potensiale for CO2-lagring.

Forankring

Planprogram regional plan for næringsutvikling og innovasjon:

Overordna mål for planarbeidet

Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet.

Langsiktig og balansert forvaltning av natur, kulturmiljø og kulturlandskap er viktig for å bygge ein attraktiv, konkurransedyktig og berekraftig region.

Eitt av plantema i regional plan for næringsutvikling og innovasjon er Arealbrukder det heiter at vi skal vere ned på å utvikle retningslinjer for ei langsiktig og balansert utnytting av natur- og arealressursar i Vestland. Dette gjeld både areal på land og dei landnære sjøareala. God kartlegging av areal, verktøy for heilskapleg arealbruk og samordning mot andre planar vil vere sentralt.

Utviklingsplan for Vestland vedteken av fylkestinget 29. september 2020, planen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra. Planen byggjer på berekraftmåla til FN som skal gjere Vestland til det mest framoverlente fylket i landet.

Kapitelet om balansert og planstyrt areal- og ressursforvaltning inneheld fleire moment som forsvarar ei marin kartlegging;

- Ei langsiktig og balansert arealforvaltning er viktig for å gjere Vestland til ein berekraftig region med fornyingsevne og vekstkraft.
- Vi skal ha ein kunnskapsbasert arealpolitikk.
- Oppdatert og kartfesta kunnskap av regionale arealverdiar er vesentleg som grunnlag for ei planstyrt utvikling.
- Vestland skal stimulere til høg planleggingskvalitet og -deltaking gjennom å digitalisere kunnskapsgrunnlaget og legge til rette for deling og utveksling av data.

Marin tiltaksplan 2020 vedteken av hovudutval for næring i sak 22/2020: der eit av satsingsområda er planlegging av marine grunnkart til heile Vestland, og å arbeide for å skaffe finansiering.

Vestland fylke sitt handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling: « *Vestland har mål om å vera Europas leiande region for innovasjon, forskning og utdanning knytt til havnæringar og fornybar energiproduksjon.*»

Elles viser vi og til sak om marin satsing i hovudutvalet for næring 05.11.2020, der det ligg føre følgjande innstilling:

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Fylkesutvalet ber særskilt om at problemstillingar knytt til arealformål og kompetanseutvikling knytt til arealutvikling i kommunane til næringsformål i sjø vert prioritert.
3. Fylkesutvalet stør vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeid med å finne varig finansiering som stør satsinga.

Vedtakskompetanse: Hovudutval for næring har vedtakskompetanse til å gje administrasjonen i oppdrag å planlegge innsatsen. Men eit klarsignal fordrar prosjektplan, kostnadsplan og finansiering som ikkje er på plass pr no.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Administrasjonen vil arbeide vidare med å prøve å finne finansiering som stør den nasjonale satsinga. Erfaringsmessig vil gode prosjekt vera interessant for næringa å delta i med finansiering.

Klima: Marin kartlegging bidrar til ei meir økologisk berekraftig næringsutvikling. Aktivitetar innan arealbruk, grøn verdiskaping og kunnskapsbasert ressursforvaltning vil alle stø opp om det grønne skiftet.

Folkehelse: Marin kartlegging er med på å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i lokalsamfunn der marine og maritime næringar er viktige, og bidreg såleis til livskraftige bygder og god helse.

Regional planstrategi: Det vert laga ein ny næringsplan, basert på føringar frå regional planstrategi. Den skisserte innsatsen er i tråd med føringar.

Konklusjon

Det vert lagt til grunn av administrasjonen kan arbeide vidare med å planlegge eit arbeid med marin kartlegging. Det vert seinare lagt fram ei sak der ein vurderer klarsignal for denne innsatsen, basert på prosjektplan, kostnadsplan og finansieringsløyising.